



## Referat frå kommunemøte torsdag 19. august 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

**Ikkje til stades:** Austevoll, Fedje, Hyllestad, Samnanger, Stryn, Ullensvang, Vaksdal, Vik, Voss

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

### Innhald

1. Orientering ved FHI v/ Frode Forland.....	1
2. Nasjonal helsepersonellpool - personellbehov i Bergen kommune.....	2
3. Testing som erstatning for smittekarantene - utbrot i Bjørnafjorden .....	3
4. Beredskapsplanlegging .....	4
5. Vaksine .....	4
6. Utdanningsområdet .....	5

### 1. Orientering ved FHI v/ Frode Forland

Vi har fått eit spørsmål frå kommuneoverlege Kjersti Follesø i Bømlo, om å verne sårbare barn mot smitte. I e-posten skreiv Follesø at no når restriksjonane i samfunnet i stor grad er fjerna, og barn og unge skal fritakast frå karantene mot å verte testa, vil risikoen for smitte auke. På sikt vil det ikkje vere mogleg å verne utsette personar mot smitte når viruset òg smittar blant vaksinerte.

Ho skreiv vidare at det er viktig å ha retningslinjer for korleis desse borna og ungdommane best mogleg kan vernast, òg dei som av ulike grunnar ikkje kan vaksinerast. Det er viktig at dette vert handtert nokolunde likt og med støtte frå nasjonalt fagmiljø. Vi har utfordra Frode Forland i FHI til å svare på dette.

Vi har òg fått eit innspel frå Kristin Cotta Schønberg, kommuneoverlege i Askøy. Kristin viser til at det i brevet frå ministrane om beredskapsplanlegging står at Statsforvaltarane vil gje kommunane meir konkret informasjon om nødvendig beredskapsnivå framover, og om kor lenge test- og smittesporingskapasitet skal oppretthaldast på dagens nivå. Schønberg skriv at det vil vere til stor hjelp å få denne konkrete informasjonen så snart som mogleg, og særleg om kor lenge kommunane skal halde på med smittesporing og testing.

Kristine Brix Longfellow, kommuneoverlege i Høyanger, har òg sendt eit spørsmål om når vi kan få lov å begynne å vaksinere 16-17-åringar? Må vi vente på klarsignal eller kan vi sjølv bestemme?

#### Orientering frå Frode Forland:

Grunnen til at barn har vore i karantene har primært vore for å beskytte sårbare grupper. Når så mange no er vaksinerte og beskytta, ikkje minst i risikogrupperne, er det mindre grunn til å påføre barna belastninga med å ikkje gå på skule.



Det er likevel framleis mogleg å bruke karantene, viss kommunen ut frå ei vurdering av den konkrete situasjonen meiner det er nødvendig og forholdsmessig (må i så fall avgjerast gjennom lokal forskrift eller enkeltvedtak). Kapasitet i helsetenesta vil kunne vere eit moment som kan leggast vekt på.

Internasjonale studiar viser at det er om lag like effektivt å drive med aktiv testing som karantenering, for å halde smitten nede blant barn. Han peikte òg på at vaksinerer er vegen ut av pandemien, og at immunitet vil gjere det vanskelegare for viruset å spreie seg.

**Vaksinering:** Ein kan no starte med å vaksinere 16- og 17 åringar.

**Smittesporing og beredskap:** Det er svært vanskeleg å svare på kor lenge ein skal halde fram med smittesporing og testing. Det er ein vanskeleg bodskap at vi opnar opp samfunnet, samstundes som vi framleis skal slå ned på lokale utbrot. Utbrot vil kome framover, primært blant barn og unge. Inntil vidare må beredskap for smittesporing haldast ved lag. Ein eller annan gong ut på hausten vil det nok verte så vanskeleg å drive smittesporing fordi mange folk samlast, at det må tenkjast annleis.

Forland svarte på kommentar frå Bømlo kommune, som no har smitte blant barn, at kommunane framleis kan bruke lokal forskrift, med strengare tiltak, for å slå ned utbrot og å få oversikt over situasjonen.

Elles minner Forland om meldingsplikt om smitteutbrot i VESUV, noko FHI ser ikkje fungerer godt nok. Registreringsplikta er definert i MSIS-forskrifta.

## 2. Nasjonal helsepersonellpool - personellbehov i Bergen kommune

Vi har ved fleire høve snakka om at kommunane kan få hjelp frå Helsedirektoratet til å rekruttere helsepersonell gjennom ordningane “nasjonalt innsatspersonell” og “nasjonalt helsepersonell”. Vi er usikre på om det er nokon kommune i Vestland som har rekruttert via desse ordningane.

Bergen er ein av kommunane som har prøvd å gjere det, m.a. i samband med at smitteutfordringane i sjukeheimane no har gitt eit stort personellbehov. Resultatet har så langt vore svært magert for Bergen. Det viser seg i praksis at det er nokså store administrative og praktiske utfordringar knytt til rekruttering frå Hdir sine ordningar.

*Kjell Wolff, kommunaldirektør i byrådsavdeling for eldre, helse og frivillighet, gav ei orientering om situasjonen i Bergen, og behovet for personell i tenestene:*

Den totale mengda av oppgåver gjer at kommunen er i ein krevjande situasjon. Det er per no sju sjukeheimar som slit med smitte. Kommunen har store oppgåver med å gjere alt som knyter seg til smittesporing, og må legge til side lovpålagte oppgåver og for å prioritere liv og helse.

Kommunen har rekruttert tre personar til TISK arbeid gjennom den nasjonale ordninga. Helsedirektoratet har sagt at det kanskje vil vere lettare å rekruttere viss dei kan arbeide frå der dei bur, men Bergen kommune har erfart at det er viktig at dei er fysisk til stades og fungerer som ein del av fagmiljøet.

Den store auken i oppgåver utgjer i seg sjølv ein fare for drifta. Bergen kommune gjer alt dei kan for å stette krav som kjem, men erkjenner at dei no slit.



For å få hjelp på sjukeheimane har kommunen omdisponert folk frå heimetenestene. Dei har òg vore i kontakt med helseføretaket, som skal undersøke om det er helsepersonell som kan lånast derfrå.

Sjølv med desse tiltaka er det framleis eit stort behov for helsepersonell, og kommunen ønskjer gjerne nabohjelp frå andre kommunar. Dei har forståing for at andre kommunar òg slit med helsepersonellressursar. Viss det likevel er andre kommunar som kan gje frå seg helsepersonell, så kan dei ta kontakt med følgjande personar:

- Bjørg Sekkenes, [bjorg.sekkenes@bergen.kommune.no](mailto:bjorg.sekkenes@bergen.kommune.no) tlf. 913 00 869
- Kristine Sandvik, [kristine.sandvik@bergen.kommune.no](mailto:kristine.sandvik@bergen.kommune.no) tlf. 926 18 218

### 3. Testing som erstatning for smittekarantene - utbrot i Bjørnafjorden

Vi har i dag fått eit pålegg frå Helsedirektoratet om å rapportere på oppfølginga av forskriftsendinga om testing som erstatning for smittekarantene for personar under 18 år, jf. § 4, 3. ledd i covid-19-forskrifta:

*“Smittekarantene gjelder ikke for personer under 18 år som ikke er husstandsmedlemmer eller tilsvarende nære kontakter til den smittede personen, hvis de gjennomfører testing i samsvar med retningslinjer fra kommunen...”*

Direktoratet ber oss gje tilbakemelding på:

- Om det vert gjennomført testing som gir unntak for karantene
- Korleis testinga vert gjort
- Om det framleis er mange barn i karantene
- Kva er utfordringar og flaskehalsar?

Vi hadde sist helg ein god del kontakt med Bjørnafjorden kommune, om eit utbrot i ungdomsmiljøet. I og med at skulestart skulle skje nokre få dagar seinare, var det eit viktig tema for kommunen korleis utbrotet skulle handterast på ein best mogleg måte.

Kommuneoverlege Klaus Melf gjev ei orientering om situasjonen i Bjørnafjorden, og om kva vurderingar kommunen har gjort omkring spørsmålet om testing og karantene.

Etter møtet vart det sendt ut ei oppmoding om å rapportere på dei spørsmåla Hdir har bedt Statsforvaltaren svare på.

#### Orientering frå kommuneoverlege Klaus Melf:

Utbrotet starta sist fredag med ti positive tilfelle, hovudsakleg ungdommar som hadde vore på fest veka før. Utover i helga vart det påvist fleire smitta. Utviklinga heldt fram med ti nye smitta måndag og tysdag denne veka og åtte nye onsdag. Med dei siste smittetala bikka kommunen grensa med smittetal på over 200 smitta per 100 000 per 14 dagar. Bjørnafjorden kommune har ikkje hatt så høgt smittetrykk tidlegare i pandemien.

Kommunen si vurdering er at dei ikkje enno har sett effekten av skulestart og ferieavslutting, og forventar ein auke i smittetala dei komande dagane. Kommunen klarar ikkje å starte med hurtigtestregimet i skular og barnehagar. Det er mangel på hurtigtestar og dei har ikkje testkapasitet til å reise ut til skular og barnehagar. Auke i testkapasitet krev fleire personar, og kommunen har fått



tydelege signal om at dei får ikkje lov til å bruke helsesjukepleier eller personell frå skule. Det betyr at kommunen må ta personell frå pleie og omsorg, der de er knappe personellressursar frå før.

Kriseleiinga har bestemt å gå på gult nivå i alle skular og barnehagar. Kommunen har fatta lokal forskrift om framleis karantene for barn og unge (ikkje vidaregåande). Som førebyggjande tiltak har kommunen òg innført smitteverntiltak på sjukeheimar, bufelleskap og heimetenesta.

Når det gjeld vidaregåande skule ønskjer kommunen å framheve at det er ei stor støtte at dei har lært hurtigtestinga på våren. Då det vart klart det var veldig mange som måtte testast, sa fylkesdirektøren for utdanning at testinga på vidaregåande kunne skje i fylkeskommunal regi.

### 4. Beredskapsplanlegging

På møtet i førre veke hadde vi beredskapsplanlegging for covid-19-handtering hausten 2021 som tema. Vi har sendt ut invitasjon til kommunane til fire oppfølgingsmøte i veke 34 og 35.

Kjernen i vår forventning til planlegging er at kommunen har ein intern prosess der de gjer ei risikovurdering på bakgrunn i dagens situasjon, og dei scenarioa som går fram av brevet frå ministrane. Kommunen må vurdere eigne sårbarheiter, inkludert evne og kapasitet til å handtere pandemien ei god stund framover, òg viss det kjem ein bølge med auka sjukdomstrykk som følgje av ein ny virusvariant.

Vi gjer merksam på at i møtet med direktorata og FHI i går, sa Hdir at kapittel fem i “Handbok for oppdaging, vurdering og handtering av covid-19-utbrudd i kommunen”, er oppdatert. Det er m.a. gjort som ein konsekvens av at tiltaka må vere mindre omfattande og inngripande no når ein stadig større del av risikogrupperne og folk elles er vaksinert.

### 5. Vaksine

#### *Utkøyring av hurtigtestar*

Hdir sendte i går supplerande informasjon om utsending av hurtigtestar:

- I veke 33 vil Bergen få hurtigtestar:
- I veke 34 vil Bjørnafjorden og Kinn få det hurtigtestar (moglegvis også andre nærliggande kommunar)
- Resterande leveransar til Vestland vil bli pakka og sendt frå veke 34. Vi ser for oss at lageret sender eit nummer for sporing til kontaktperson i kommunen.
- Ved spørsmål om når kommunar kan forvente leveranse, og kva testar kommunane vil få: [Bestille antigen hurtigtester: Informasjon til kommuner, helseforetak og regionale helseforetak - Helsedirektoratet](#). Nettsida oppdaterast fortløpande.
- Ved smitteutbrot og mangelsituasjon anbefalast lokal omfordeling i dialog med Statsforvaltaren.

#### *Vaksinasjon går fyrst*

Det vart i møte med Hdir i går poengtert at vaksinasjon skal ha førsteprioritet i kommunane. Viss det t.d. ikkje er ressursar og kapasitet til å implementere den nye ordninga med testing framfor karantene, utan at det går ut over progresjonen i vaksinasjonsprogrammet, må kommunen prioritere å bruke ressursar på vaksinasjon. Meir bruk av sjølvtesting kan kanskje vere eit alternativ, eventuelt at elevane brukar dei teststasjonane som allereie er etablert.



Sidan testing framleis vil vere ein viktig del av strategien framover, er det ikkje lurt at kommunane byggjer ned testkapasiteten no. Større bruk av sjølvtesting kan ventast å ta ned noko av presset på kommunane.

### *Informasjonsbrev nr. 26*

De skal alle ha fått informasjonsbrev nr. 26 frå FHI. Der var det fleire viktige ting som vart nemnt, m.a.:

- Vaksineforsyninga ser at mange doser som er sendt ut ikkje har blitt sett. Det er viktig at kommunane har gode rutinar for lagring og administrering av dosane, og gir beskjed tidleg viss dei ikkje har kapasitet til å ta imot fleire doser. Utsendte doser kan ikkje returnerast til FHI.
- Frå veke 36 vil FHI ikkje lenger sende ut vaksiner automatisk, og kommunane må då sjølv bestille det de treng av Vaksineforsyninga. Behovet for veke 36 må vere bestilt innan utgangen av onsdag 25. August. Etter dette må bestilling vere sendt i løpet av onsdagen to veker før ønskt distribusjon. Det er ønskeleg med bestilling for tre vekers bruk.
- FHI tilrår at gravide får tilbod om vaksine mot covid-19, og at dei blir fullvaksinerte i svangerskapet. Det vert tilrådd vaksinasjon i 2. og 3. trimester, men gravide i risikogrupper kan òg vaksinerast i 1. trimester. Intervallet mellom dosene bør vere mellom minimumsintervallet etter vaksinetypen og 8 veker. Utfyllande informasjon står i brevet.
- Regjeringa har no teke avgjerd om at dei som er født i 2004 og 2005 òg skal få tilbod om vaksine. For 2005-fødte som ikkje har fylt 16, må begge føresette gje samtykke. 16- og 17-åringar skal prioriterast etter dei over 18. FHI tilrår at Comirnaty nyttast der det er praktisk mogleg, då det er mest erfaring med denne. Anbefalt intervall er 8-12 veker mellom dosene.

### *Webinar*

Det var i dag webinar v/FHI og Hdir for kommuneoverlegar. Det kom inn veldig mange spørsmål som ikkje vart svart ut i møtet. Det tyder på at det er eit stort behov for informasjon. Det var tydeleg at det er fleire ting som er uklare når det gjeld testing framfor karantene. Hdir sa at det hadde gått fort i svingane og at dei jobbar med å få ut meir informasjon. Webinaret vart teke opp og vil bli lagt ut på [Sykdomspulsen](#).

### *Framover*

Vi er uroa for kva den store belastninga over tid som mange tilsette i kommunane står i – ikkje minst kommune-/smittevernoverlegar – vil føre til. Vi melder dette oppover til Helsedirektoratet i møte og vekerapporter. Kommunane må framleis planlegge for ein tilstrekkeleg beredskap og kapasitet, og vi meiner det er for tidleg å tenke på å kutte ned på ressursar til handtering av covid-19.

## 6. Utdanningsområdet

Kunnskapsdepartementet har behov for informasjon om kva utslag den nye praksisen om testing som erstatning for karantene i skular og barnehagar vil få. Det gjeld særleg korleis ordninga med testing vil påverke elevar sitt fråvær i skulen. Statsforvaltaren har difor fått eit oppdrag om å hente inn informasjon frå grunnskular og vidaregåande skular som denne hausten blir ramma av smitteutbrot. Vi vil i løpet av neste veke orientere kommunane om kva informasjon vi ynskjer, og korleis innhentinga skal gå føre seg.



## Statsforvaltaren i Vestland

Det har kome spørsmål om kva opplæringstilbod elevar som ikkje vil la seg teste, eller som har foreldre som ikkje samtykker til testing, har krav på. Elever som ikkje nyttar moglegheita for å teste seg ut av smittekarantene, må gjennomføre vanleg smittekarantene. Karantenetida kan vare i inntil 10 dagar, og blir rekna som langvarig fråvær. Elevane skal difor ha opplæring heime i desse tilfella. Ein finn meir [informasjon om opplæring heime på Utdanningsdirektoratets sider](#).